

---

Saksnr: 2020/1929-26  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		17.06.2020

**Antidoping Norge - lokal mobilisering mot doping, oppnemning av ungdomsrepresentant**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek å ta imot invitasjonen frå Antidoping Norge/Vestland fylkeskommune om å bli med på lokal mobilisering mot doping. Ungdomsutvalet oppnemner følgjande representant til lokal styringsgruppe: .....

Samandrag

Vestland fylkeskommune inngjekk 14. februar 2020 avtale med Antidoping Norge. Avtalen vart underteikna under møte i fylkesutvalet og gjeld gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping». Avtalen er inngått for perioden 2020-2023. Hovudmålet er å gi unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dopingbruk, og spreie haldninga om nulltoleranse til dopingbruk i sine lokalmiljø innan idretten og i samfunnet elles.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Antidoping Norge har hatt eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune gjennom fleire år. Dette arbeidet vert no vidareført i Vestland fylke.

Vestland fylkeskommune har løyvd 450.000 kroner til prosjektet for 2020. Samarbeidet skal sikra eit heilskapsleg antidopingarbeid i Vestland fylke. I tillegg til å spreie informasjon til ungdomen vil denne avtalen også bidra til at ein kan byggja opp kunnskapen om doping hjå dei som jobbar tett mot ungdom.

Samarbeidet *lokal mobilisering mot doping* blir organisert av ei styringsgruppe med representantar frå fylke og Antidoping Norge (ADNO). Det forebyggjande arbeidet er særleg retta mot dei offentlege vidaregåande skulane, og den som no blir oppnemnt frå ungdomsutvalet vil ha som oppgåve å fremja ungdom sitt syn inn i arbeidet i styringsgruppa.

Noverande styringsgruppe er samansett av:

- Linda Olsen, avdelingsleiar for førebygging og folkehelse i ADNO
- Tor Helge Myhre, fylkeskoordinator i ADNO/fylkeskommunen
- Knut Songve, organisasjonssjef i Vestland idrettskrins
- Britt Karen Spjeld, fylkesidrettssjef i Vestland fylkeskommune
- Hanne Espe, spesialrådgjevar kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune
- Anne Mette Nesje Porten, seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Konklusjon

Vestland ungdomsutval ynskjer å ta del i arbeidet med lokal mobilisering mot doping i Vestland fylke. Representanten frå Vestland ungdomsutval vil vera ein viktig talsperson for ungdomen inn i arbeidet i styringsgruppa.